

Høyringsuttale ”Bibliotekreform 2014”

Sogn og Fjordane fylkeskommune har følgjande uttale til ”Bibliotekreform 2014”:

1. Generelle kommentarar

Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar hovudtrekka i ”Bibliotekreform 2014”. Vi ser planane som ein bra og naudsynt satsing i biblioteksektoren. Utgreiinga er framtidsretta og tar viktige og drastiske grep i takt med samfunnsutviklinga.

Vi er særleg nøgde med bibliotekpolitikken som ligg til grunn i reforma som lik og fri tilgang til bibliotektenester same kor ein bur i landet, og at biblioteka skal fremje inkludering og motverke digitale skilje. Det er riktig og viktig å satse både på biblioteket som ein viktig fysisk møteplass og læringsarena, og samstundes satse på ei omfattande digitalisering.

Det er positivt at reforma har eit sterkt brukarfokus og planlegg nettverk mellom alle typar bibliotek i Noregsbiblioteket. Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar at ein ser abm-sektoren samla for ein del av digitaliseringsoppgåvene.

Kulturinstitusjonane vil ved hjelp av digitalisering nå fram til nye brukarar på nye måtar. Institusjonane må ta i bruk ny teknologi, skaffe seg ny kompetanse og møte brukarane sine behov og ønskje. Utfordringa er å få med alle institusjonane, ikkje berre dei statlege på nasjonalt nivå.

Det handlar grunnleggjande sett om kor vidt alle skal ha lik rett til dei digitale tenestene og det digitale innhaldet som er mest relevant for dei. Dette er ei stor oppgåve, og vi kjenner oss ikkje trygge på at dette omsynet er godt nok ivareteke i utgreiinga.

Målområde 1: Innhald og tenester

1.1 Tilby digitalt innhald og nettbaserte tenester

Tiltak: Etablere ein abm-portal som felles inngang til nettbaserte kultur og kunnskapsressursar.

Kommentar:

Sogn og Fjordane fylkeskommune har arbeidd med å etablere Kulturnett Sogn og Fjordane som ein regional abm-portal. Det er viktig at arbeidet med lokale kulturnett blir vidareført og at både innhald og kompetanse blir eit viktig bidrag i den nasjonale satsinga. Ein nasjonal abm-portal har avgrensa interesse så lenge det ikkje finst regionalt eller lokalt tilfang i digital form. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at regionale portalar må prioriterast og bli ein sentral del av den nasjonale. Det bør vidareutviklast regionale abm-miljø med kompetanse frå desse områda. Her vil biblioteka vere ein viktig og sentral deltakar.

Tiltak: Iverksette programmet Norsk digitalt bibliotek

Kommentar:

Sogn og Fjordane fylkeskommune ser svært positivt på etablering av eit Norsk digitalt bibliotek (NDB) der alle innbyggjarane vil få ein felles søke- og tingingsmoglegheit etter fysisk og digitalt materiale i alle fag- og folkebibliotek i landet. Vi trur NDB vil vere av stor verdi for samfunnsutviklinga i Noreg og ser fram til at alle innbyggjarane får tilgang til heile det norske bibliotektilfanget der dei bur. For at intensjonane med NDB skal oppfyllest vil bl.a. rask tilgang til fysisk materiale vere avgjerande, og det er viktig å få i gang ein nasjonal transportordning som kan knytte alle biblioteka saman i eit nettverk, sjå samanheng med 2.3 *Utvikle et brukarorientert og samarbeidande Noregsbibliotek.*

1.2 Digitalisere viktige innhaldsressursar

Tiltak: Etablere eit program for digitalisering av materiale i arkiv, bibliotek og museum

Kommentar:

Sogn og Fjordane fylkeskommune er godt i gang med dette arbeidet lokalt. Vi ser det som viktig at vidare digitalisering vert utført lokalt, og at ein ser heilheita innafor arkiv, bibliotek og museum blant anna med samsøkfunksjonar for regionen. Vi er ueinige i at brorparten av midlane skal gå til nasjonale institusjonar og meiner at ein stor del av midlane til digitaliseringa bør tilførast regionane.

1.4 Vidareutvikle biblioteket som læringsarena og læringsressurs

Tiltak: Etablere eit fast samarbeid mellom bibliotekmyndigheitene og utdanningsmyndigheitene på nasjonalt nivå

Kommentar:

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at samarbeid mellom utdanning og bibliotek er viktig då ein ser at folkebiblioteka i stor utstrekning vert brukt av elevar og studentar. Sogn og Fjordane fylkeskommune har fleire vellukka kombinasjonsløysingar mellom folkebibliotek og vidaregåande skule, m.a. i Nordfjord, og fleire er under planlegging i fylket.

Tiltak: Utvikle verktøy og metodar for opplæring i informasjonskompetanse

Kommentar:

Sogn og Fjordane fylkeskommune er positive til satsinga på å utvikle elevane sin informasjonskompetanse. Etersom ein tredel av lærarane oppgjev at dei sjølve har behov for støtte i bruk av Internett vil det vere mange lærarar som har trong for kompetansheving i det å rettleie elevane i informasjonssøk (jf ABM-skriv nr. 31).

1.5 Vidareutvikle kultur- og litteraturformidlinga i biblioteka

Tiltak: Setje i verk program for litteraturformidling

Kommentar:

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at det er viktig med styrking av leselyst gjennom aktiv litteraturformidling i biblioteka. Vi er positive til at ein vil fokusere på å skape leselyst hos barn og unge både ved formidling av trykte bøker og nye tilbod på nettet. Vi saknar fokus på nynorsk litteratur. Det bør setjast av statlege midlar til formidling av nynorsk fag- og skjønnlitteratur.

Målområde 2 Struktur og organisering

2.1 Styrke og utvikle dei organisatoriske einingane i Noregsbiblioteket

Tiltak: Etablere sterkare og meir kompetente folkebibliotek gjennom ein konsolideringsprosess som omfattar fleire kommunar

Kommentar:

Sogn og Fjordane fylkeskommune ser at eit meir forpliktande biblioteksamarbeid mellom kommunane er viktig for bibliotekbrukarane. I vårt fylke har vi mange små bibliotek med dårleg

økonomi og små stillingsressursar. Eit biblioteksamarbeid vil kunne heve kvaliteten på bibliotektilbodet og styrke fagmiljøet i heile fylket. Det vil vere vanskeleg å etterkome intensjonane om 6 - 8 årsverk fordelt på variert bibliotekfagleg kompetanse ved kvart av dei konsoliderte biblioteka i Sogn og Fjordane då vi har mange små kommunar og lange geografiske avstandar, ingen storbyar og få fagbibliotek.

Ein konsolideringsprosess må baserast på føresetnad om at alle dagens kommunar framleis skal behalde sitt fysiske bibliotek, og at ei konsolidering av bibliotektenestene må tilpassast lokale forhold. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at konsolidering er ein samarbeidsmodell blant fleire. Erfaringane tilseier at ein kan få til gode samarbeidsløysingar som spring ut i frå lokale behov. Vi kan her nemne at det er etablert eit vellukka samarbeidsprosjekt mellom kommunane i indre Sunnfjord slik at lånarane fritt kan bruke biblioteka utan å tenke på heimkommune. Det er etablert både felles biblioteksystem, felles transportordning og ein planlegg felles innkjøp og kompetansedeling.

Biblioteksjefane peiker særleg på fagleg fellesskap som ein stor gevinst. Slike løysingar er basert på lokale behov, og kan vere eit alternativ til konsolidering. Vi vil peike på at biblioteka er eit lokalpolitisk ansvar, og det er viktig at konsolideringa ikkje utvatnar det lokale ansvaret.

Under føresetnar av at det vert tilført statlege midlar, vil Sogn og Fjordane fylkeskommune ta initiativ til å få utarbeidd ein plan i samarbeid med kommunane med sikte på å utvikle og styrke biblioteka i fylket.

Tiltak: Setje i verk eit program for skulebibliotekutvikling

Kommentar:

Sogn og Fjordane fylkeskommune støtter forslaget om at det skal setjast i verk ein nasjonal plan forskulebibliotekutviklinga. I Sogn og Fjordane har vi mange skulebibliotek langt under akseptabelt nivå. Det er viktig at ein slik plan tar før seg både bibliotek i grunnskulen og i vidaregåande skule. Ein slik plan må innehalde krav både med omsyn til kompetanse og ressursar og sjå på samarbeid med andre bibliotektypar.

2.2 Vidareutvikle det fysiske biblioteket

Tiltak: Etablere eit investeringsprogram for biblioteklokale

Kommentar:

Sogn og Fjordane treng gode fysiske bibliotek både til læringsarena og sosiale møteplassar. Vi støttar difor eit statleg investeringsprogram for nye bibliotekbygg, fornying av biblioteklokale og mobil bibliotekteneste. Fylkeskommunen må sikrast reell styring over desse midlane der lokale og regionale prioriteringar vert lagt til grunn for bruken av midlane.

2.3 Utvikle eit brukarorientert og samarbeidande Noregsbibliotek

Tiltak: Etablere ein transportordning for distribusjon av materiale mellom biblioteka i Noreg

Kommentar: Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar planane om ei landsomfattande transportordning med ein kombinasjon av nasjonale og regionale modellar. Det er viktig at ikkje små kommunar i gravgrendte strok får store kostnader i eller får vesentleg lengre ventetid på dei fysiske dokumenta enn i meir urbane strok.

Tiltak: Endre biblioteklovgivinga for å sikre samarbeidet i eit nasjonalt biblioteknettverk

Kommentar:

Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at biblioteklova vert endra frå å gjelde berre folke- og fylkesbibliotek til å gjelde alle offentlige bibliotek (folke-, skule- og fagbibliotek). Ein revidert biblioteklov bør ta utgangspunkt i brukarane sine behov for bibliotektenester uavhengig av bustad eller tilknytning til studiestad. Den skal gje tilgang til landet sine samla bibliotekressursar og inkludere både trykte og digitale samlingar, tilgang til biblioteklokale og bibliotekfagleg kompetanse. Mindreskulebibliotek bør framleis vere fritekne for forpliktande fjernlånstenester.

Tiltak: Styrke krav til skulebibliotektenester i forskrifta til opplæringslova

Kommentar: Sogn og Fjordane fylkeskommune trur at det vil vere ein styrke for brukarane av skulebiblioteka om det vert sett strengare og meir forpliktande krav til bibliotektenesta.

Målområde 3 Kompetanse og forskning

3.1 Fornye den samla kompetansen i biblioteksektoren

Tiltak: Etablere eit kompetanseutviklingsprogram for å styrke Noregsbiblioteket og dei konsoliderte biblioteka

Kommentar:

Sogn og Fjordane fylkeskommune vil følgje opp planane for kompetanseheving for biblioteka og vil understreke at dette og må gjelde bibliotekpersonale utan bibliotekfagleg utdanning. Vi vil peike på at dette også må gjelde dei biblioteka som ikkje ønskjer konsolidering.

Fylkesbiblioteka i reforma

I utgreiinga står det: *”Det regional nivået bør konsentrere seg om koordinerings- og utviklingsoppgåver. Driftsoppgåver bør overførast til operative bibliotek. Den regionale forvaltninga bør disponere midlar for å stimulere til utvikling på bibliotekområdet.”*

Kommentar:

Sogn og Fjordane fylkeskommune og fylkesbiblioteket møter store forventningar som utviklingsaktør både frå brukarane og styresmaktene. Det er naudsynt at fylkesbiblioteket har fokus på koordinerings- og utviklingsoppgåver og syter for at biblioteka vert med i regionale og politiske planprosessar. Utgreiinga seier at gjennomføringa av Bibliotekreform vert ei viktig oppgåve for fylkesbiblioteka framover. Skal reforma vert vedteken slik utgreiinga legg opp til, er det naudsynt at staten følg opp med midlar, både til sjølve prosessen, og til å etablere den nye strukturen og det å få på plass gode tenester. Skal fylkeskommunen ta eit pådrivaransvar her, forventar vi føreslegne vilkår (jf. §5, punkt a) i forslaget til kulturlov..

Fylkesbiblioteket har utfordringar både innafor litteraturformidling, biblioteksamarbeid, digitalisering og kompetanseheving i form av kurs og opplæring for både bibliotekpersonell og lærarar.

Fylkesbiblioteket vil såleis framleis ha ein del driftsoppgåver innafor desse områda. Utfordringa vil ligge i det å vri fokuset til å sjå også desse oppgåvene inn i ein utviklingssamanheng. Brei fagleg kompetanse er elles viktig for gjennomføring av utviklingsoppgåver.

Mobil bibliotekteneste som bokbuss og bokbåt, har alltid vore viktig og prioritert i Sogn og Fjordane. Vi ser det som eit viktig bidrag til litteraturformidlinga i fylket. Her har fylkesbiblioteket lang erfaring og kompetanse. I dag kjøper dei kommunane som ønskjer det bokbuss- og/elle bokbåtteneste frå fylkesbiblioteket. Oppslutninga særleg om bokbusstenesta er redusert dei siste åra.

Fylkesbiblioteka i dei tre nabofylka på Vestlandet er einige om at samarbeidet om bokbåten bør halde fram. Dersom ein får større og meir kompetente bibliotek i fylket, kan det verte aktuelt å forhandle med desse om å overta mobile bibliotektenester.